

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 04.05.2018
SAKSHANDSAMAR: Terje Olav Øen
SAKA GJELD: **Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2018-2019**

ARKIVSAK: 2013/6135
STYRESAK: **044/2018**

STYREMØTE: **22.05.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om beredskapsarbeidet til vitande.

Oppsummering

Gjennomgang av beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Intern kontroll frå Helse Vest avdekka manglande ROS-analyse matforsyning. Denne er no gjennomført.

Det vert gjennomført regelmessige tabletop-øvingar. Vi reviderer planverk og beredskapssystem ut frå erfaringar frå reelle hendingar, øvingar og endringsbehov i verksemda eller hos samarbeidspartar.

Fakta

Adm. direktør rapporterer årleg på beredskapsarbeidet i helseføretaket. Styrande for arbeidet er regional beredskapsplan og årleg oppdragsdokument, samt avtalefesta samhandling med kommunane og lovkrav.

Helse Førde vert representert ved beredskapssjefen i

- regionalt beredskapsutval i Helse Vest
- nasjonale beredskapssamlingar mellom RHF-a
- fylkesberedskapsrådet

Etter endring av politiorganiseringa er lokal redningsentral (LRS) Sogn og Fjordane lagt ned, og vi har no ein LRS for Vest politidistrikt. Helse Bergen har både representant og vararepresentant her. Dette har redusert direkte kommunikasjon mellom politi/redningsleinga og Helse Førde. Andre naudetatar/beredskapsaktørar har løyst dette med vararepresentant frå området til gamle Sogn og Fjordane politidistrikt. Politimeistaren sitt øvingsutvalet er per i dag ikkje i drift.

Øvingar

Det er utarbeidd ein mal for øvingsplan – årshjul – for beredskapsarbeidet som skal vere rullerande og omfatte alle einingane i helseføretaket. Det er eit omfattande arbeid å få dette innarbeidd i alle einingane i helseføretaket, men ein nyttar no også det høvet som oppstår ved at simuleringstrening skal bli betre registrert og rapportert.

Helse Førde nyttar både tabletop- og sambandsøvingar for å øve på dei ulike områda der vi får inn prosedyretrening og samvirke. Dette kan gjerast på vanleg beredskapstid og har låg kostnad, men høg verdi av læring.

Det er gjennomført øvingar med ein del kommunar. Det er krevjande å nå alle kommunane innan øvingsperioden mellom anna pga. samordning med dei andre naudetatane.

Det er prioritert å gjennomføre fleire speløvingar med IKT-stab, driftsavdeling, lokalsjukehusa, prehospitale tenester, psykososial støttegruppe m.fl.

Det er krav om regelmessige – jamvel årlege øvingar knytt til ulike objekt, under dette tunneløvingar, lufthamner m.v. Helse Førde har meldt frå om at vi i større grad må lage

langsikte planar og nye måtar å øve samvirke på. Øvingsvolum vil også vere krevjande for andre naudetatar.

Helse Førde deltek elles i varslingsøvingar i regi av regionalt beredskapsutval.

Hendingar, internkontroll og revisjon

Hendingar er også siste året knytt hovudsakleg til IKT-utfall med sviktande tilgang til pasientopplysingar frå elektronisk journal. Vidare har vi hatt smitteutbrot og alvorlege kapasitetskrevjande ulukker. Alle hendingane vert evaluerte og tatt med i vidare beredskapsplanlegging.

Internkontrollen i Helse Vest hadde tilsyn med matforsyninga hausten 2017, og Helse Førde hadde utarbeidd beredskapsplan for dette. ROS-analyse er utarbeidd i vår, og det skal no gjerast avtaler med kommunar og institusjonar om gjensidig støtte ved utfordringar knytt til matleveransar.

Utviklingsarbeid

Grunna endringar knytt til tilsetjing av ny adm. direktør og organisasjonsendring i stab og støtte, har vi venta med å ferdigstille endringstiltak for planverk knytt til beredskapsorganisasjonen og beredskapsleiing. Dette arbeidet vil halde fram ut året.

Planverk for forsyningsteneste (tekstil og matvarer) er kome i gang, og er eit omfattande arbeid. Avdelingane er byrja å skaffe seg oversikt over utstyrsbehov og endra arbeidsprosessar ved bortfall av normal forsyning.

Helse Førde har vore langt framme i bruk av kommunikasjonsløyser for akutthjelp, og har hatt gode redundante løysingar. Nedrigging av eksisterande helseradionett krev nye sikre løysingar. Nasjonalt har det vore interesse for å vurdere bruk av naudnettradioar til akuttkommunikasjon i sjukehus. Dette for å sikre god og trygg kommunikasjonsflyt ved akutte hendingar, også inkludert direkte med legevakt og ambulanse. Lærdal sjukehus vart av Helse Vest plukka ut til slik testing, m.a. som første brukar på verdsbasis med ny type radio. Dette var vellukka og sjukehuset har no gått over i ein ny pilot i påvente av endeleg avgjerd. Bruk av naudnett i akuttkommunikasjon samsvarer også med overordna plan for kommunikasjonsløyser i Helse Vest IKT.

Revisjon av smittevernplan for Helse Vest er oppdatert i 2017, og vår beredskapsplan er samordna med denne.

Det er også sett i verk arbeid med CBRNE-beredskap¹ (farleg gods). Helse Vest har gjeve eige oppdrag på dette hausten 2017. Dette krev samarbeid med andre aktørar. Kommunale brannvern er svært viktige her. Flesteparten av ambulanspersonellet har gjennomført nasjonalt e-læringskurs, og det er årleg trening i bruk av verneutstyr. Vi har ikkje fått etablert nødvendig intrahospital beredskap enno, men har lagt rammene for korleis dette skal vere.

¹ CBRNE: Hendingar som oppstår med kjemikalie, biologiske agens, radioaktiv stråling, kjernefysisk materiale og eksplosiver

Det er under innføring saneringstasjonar ved alle tre sjukehusa. Alle skal ha eigne saneringsgrupper.

Det er i verk sett fleire tiltak for å sikre betre IKT-beredskap med reserveløysingar. Her er det også nødvendig med innføring av manuelle rutinar når elektronisk tilgang til pasientjournalar manglar. Sentralbordoperatørane har opplæring i å bruke naudrutinar. IKT-staben har årleg ti tabletop-øvingar i tillegg til at dei fleste beredskapshendingane er knytte til IKT. Dette gjer vi for å sikre best mogeleg handteringsevne ved bortfall av viktig infrastruktur for kommunikasjon.

Opplæring

Helse Førde har i oppdrag å innføre nytt leiingssystem ved innsats saman med dei andre naudetatane. Storparten av ambulanspersonellet har gjennomført e-læring. Etter gjennomføring av PLIVO-øvingar (PLIVO = pågåande livstruande vald) denne hausten, reknar ambulanssjefen med at ein ca. 1. oktober i år innfører nytt leiingssystem på skadestaden.

PLIVO er ei nasjonal opplæring fastsett av helsedirektoratet. Helse Førde har brukt og brukar mykje ressursar på dette. Det er usikkert om dette er det viktigaste vi skal trene på, men det er eit krav. For å få god ressursutnytting prøver ein no ved desse kursa også å få øve skadestadleiing, skadeprioritering og ev. CBRNE-hendingar.

I den akuttmedisinske kjeda har ein starta med meir systematisk trening innan samhandling mellom legevakt og ambulanse. Dette byggjer på kommune BEST-modellen (betre systematisk trening). Vi ventar at dette skal gje endå betre samhandlingskompetanse og sikre akuttmedisinsk behandling.

Fylkesmannen har gjennomført tabletop-øving knytt til tunnelulukker etter at det er gjennomført ROS-analyse for slike hendingar. Dette er lærerikt, gjev betre samhandling og fører til betre planverk.

Kommentarar

Beredskapsplanen er under gjennomgang i høve til struktur, samt godkjenning av delplanar og avdelingsplanar. Det er eit mål med tydelege varslingskjeder og ansvarsmatriser. Det er starta arbeid med å setje i verk tiltakskort på ulike vaktfunksjonar.

Aktiviteten er på mange hald høg i organisasjonen, og det er til tider utfordrande å få gjennomført alle planlagde øvingar. Det står att å skape felles forståing for at gode øvingsplanar er viktige med tanke på øvingsutbyte, læring og endring. God planlegging av øvingar er viktig med tanke på læring og for å hente ut gevinstar.

Det er etablert planar for brannvernøvingar som skal sikre regelmessig trening og kompetanse. Føretaket reknar med å ha på plass felles planverk på alle institusjonane før sommaren.

Koordinering av beredskapsarbeidet ligg til beredskapssjefen. Han er frikjøpt i 40 prosent stilling til naudnettarbeid i Helse Vest. Dette har gjeve noko redusert arbeidskapasitet i ein periode, då det ikkje er sett inn andre ressursar i arbeidet.

Beredskapsutvalet er føretaksleiinga og ein har regelmessige møte her. Det er månadlege møte mellom adm. direktør, direktør psykisk helsevern og beredskapssjef for avklaringar og oppfølging av beredskapsarbeidet.

Arbeidsplan 2018-2019

Basert på Helse Vest sin plan og rammer for arbeidet, samt ei overordna tilnærming til utfordringar vi kan bli sett til å handtere, ønskjer adm. direktør å vektlegge dette i 2018 og 2019:

- Revisjon av regional beredskapsplan for Helse Vest
- Delta aktivt i fylkesROS i regi av fylkesmannen – tema no er situasjonar knytt til cruiseskip
- Delta aktiv i tunnelgruppa saman med kommunale brannvern
- Saman med innkjøpsorganisasjon sikre forsyningstenesta (mat-, tøy- og eingongs-utstyr) ved sjukehusa våre.
- Etablere sikkerheitsorganisasjon i samsvar med nasjonale krav og føringar frå Helse Vest RHF
- Halde fram arbeidet med tryggingsplan for helseføretaket
- Følgje opp avdelingane i arbeidet med reviderte krav til beredskapsplan og beredskapsplanlegging
- Hjelp til med gjennomføring av ROS-analysar ved bruk av nytt ROS-verktøy i HelseCim (digitalt støtteverktøy vi nyttar i beredskapssituasjonar)
- Etablere elektroniske varslingsordningar for innkalling av personell i Helse Førde
- Innføring av naudnett i akuttmedisinske team og beredskapsorganisasjon i samsvar med endeleg vedtak i Helse Vest RHF
- Støtte opp om forbetningsarbeid kring revisjon av lagerhald av legemiddel, antidot (motgift) og infusjon
- Samhandle med regionalt beredskapsutval og kommunen i høve CBRNE-beredskapsarbeid
- Halde fram arbeid for felles planarbeid knytt til samhandling med helseføretaka i Møre og Romsdal, Oppland og Buskerud vedrørende felles grenseområde
- Delta i sivil/militært samarbeid og NATO-øvinga Trident Juncture hausten 2018

Konklusjon

Beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Beredskapsarbeidet i Sogn og Fjordane er prega av gjensidig respekt og samhandling.

Organisasjonen har mykje erfaring i beredskapshendingar og lærer av dette. Planverk og beredskapssystem er levande dokument som vert endra fortløpande.